

GOL OG HEMSEDAL

Kyrkjeblad

Nr. 4

September 2019

70. årgang



Sigrid Brenna, 100-år
Her sammen med prest Jan Olav Skinnemoen og ordfører Heidi Granli, har nettopp startet Rullatormila. les mer på s. 4

Foto: Thörunn Haugo

INNHALD

Min salme	2
Andakt	3
Den gong då	3
Rullatormila	4 & 5
Høgt og Lågt leiren	6 & 7
Assistent til assistenten	8

Prestesituasjonen vår	10
Nye Gol Stavkyrkje 25år	10
CD-slepp med Hemsedalskoret ..	11
Trusopplæringa	12
Kunngjeringar	13 & 14
Gudstenester	15
Vital 100-åring	16

MIN SALME

HJØRDIS MAURITZEN



Hjørdis Mauritzen var lærar/ektor ved Herad skule i 15 år, før ho gjekk av i 2001. Ho har også vore leiar i soknerådet i Herad.

Ho seier det slik når ho skal velje *ein* salme:

- Salmeboka vår er eit fint litterært verk. Det er vanskeleg å skulle velje ein salme, men salmar som gjev tryggleik og glede er gode i vår urolege tid. Den svenske salmediktaren Lina Sandell har

Ingen er så trygg i fare som Guds lille barneskare

T: Lina Sandell

O: Olav Werner / Rolf Holger, 1960

M: Ivar Widéen, 1919

Ingen er så trygg i fare
som Guds lille barneskare,
fuglen ei i skjul bak løvet,
stjernen ei høyt over støvet.

Herren selv vil sine berge.
Han er deres skjold og verge.
Over dem han seg forbarmer,
bærer dem på faderarmer.

TEKST: KJELL SLÅTTEN

FOTO: PRIVAT

gjeve oss salmar eg er svært glad i.

Ein av desse er salmen «Ingen er så trygg i fare som Guds lille barneskare». Den står på nummer 488 i Norsk Salmebok. Hjørdis utfordrar Gudrun Bøthun til eit seinare nummer.

Ingen nød og ingen lykke
skal av Herrens hånd dem rykke.
Han, den beste venn blant venner,
sine barns bekymring kjenner.

Våre hodehår han teller,
hver en tåre som vi feller.
Han oss føder og oss kleder,
mitt i sorgen han oss gleder.

Gled deg da, du lille skare!
Jakobs Gud skal deg bevare.
For hans allmacts ord må alle
fiender til jorden falle.

Hva han tar, og hva han giver,
samme Fader han forbliver,
og hans mål er dette ene:
Barnets sanne vel alene.

GOL OG HEMSEDAL KYRKJEBLAD

Antall nr.: 6 nummer i året
Utgjevar: Kyrkja i Gol, Hemsedal og Herad
Redaksjon: Kjell Slåtten, Sølvi Larsen Aalrust (red.), Gunnar Rudningen, Hilde Moe Hillestad, Kristine Viko, Ludvig Munkejord.

Ekspedisjon: Kyrkjekontoret 3550 Gol
Kasserar: Arne Oddmund Tuv, 3560 Hemsedal.
Bankgiro: Sparebank 1 Hallingdal 2367.60.00097
E-post: oaalrust@online.no



GOL, HERAD OG HEMSEDAL

GOL KYRKJEKONTOR
Ekspedisjonstid månd – fredag 9.00–15.00
Gol kommunehus 3. etg. Tlf: 32 02 90 00
kyrkja@gol.kommune.no www.gol.kyrkja.no

Kyrkjevevjerje: Anne Gerd Jorde
Dir.tlf. 32 02 91 35 • Mobil: 971 58 134
anne.gerd.jorde@gol.kommune.no
Fridag torsdagar.

Sokneprest: Jan Olav Skinnemoen
Dir.tlf. 32 02 91 37 • Mobil: 952 75 312
jan.olav.skinnemoen@gol.kommune.no
Måndag: Fridag.

Diakon: Martha Frøyland Bleiktvad
Dir.tlf. 32 02 91 38 • Mobil: 476 27 663
martha.froyland@gol.kommune.no

Organist: Justin Vickery
Tlf. 474 75 580 • justin.vickery@gol.kommune.no
Kontortid onsdagar kl 14.30–16.00

Sekretær: Thorunn Haugo
Tlf: 32 02 91 39
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no
Kontortid: annakvar måndag, kvar tirsdag, onsdag og torsdag

Kyrkjetenarar:
Ludvig Munkejord Tlf.: 911 22 763
Knut Ole Klepp Tlf.: 906 58 761

Trusopplærar for Gol og Hemsedal:
Britt Marie Haraldset Hafsås Tlf. 951 22 136
britt-marie.haraldset-hafsas@gol.kommune.no

HEMSEDAL KYRKJEKONTOR
Ekspedisjonstid månd – torsdag 9.00–15.00
fredag 9.00–12.00

Hemsedal kommunehus Tlf. 31 40 88 45
kyrkjekontoret@hemsedal.kommune.no
www.hemsedal.kyrkja.no

Kyrkjevevjerje: Kjetil Th. Storebråten
Kontortid: Måndag–tors: 9.00–15.00
fre: 9.00–12.00
Tlf: 31 40 88 45 Mob: 908 21 745
kjetil@hemsedal.kommune.no

Sokneprest: Camilla Osnes
Tlf: 31 40 88 46 Mobil: 977 15 677
Måndag: Fridag.
camilla.osnes@hemsedal.kommune.no

Kantor: Peter Rødel
Tlf: 950 49 045
kape10@hotmail.no

Kyrkjetenar: Wilfried Westera
Tlf. 971 09 922
wilfriedwestera@live.nl

Gravplassen: Hans Vidar Sørensen
Tlf: 911 76 827

Sokneråda:
Herad: Leiar Gunn Astrid Frøysok
Tlf. 990 34 376

Gol: Leiar Trygve Lono Smedsgård
Tlf.: 900 63 161

Hemsedal: Leiar Sissel Rudningen
Tlf: 419 35 246

Fellesråda:
Gol: Leiar Ola Grønseth
Tlf. 920 97 939

Hemsedal: Leiar Unni Bjørke
Tlf. 906 54 701

Ynskjer du å gje ei gåve til kyrkja:
Hemsedal: 2367.20.49482
Gol: 2324.20.01354
Herad: 2324.62.05795

Uro og kvile

“Mennesket er urolig inntil det finner hvile hos Gud.”

Desse orda frå kyrkjefader Augustin (354 – 430) er kjente for mange. I vår tid er dei kanskje meir aktuelle enn nokon gong. Uroa er veksande hos folk. Programleiaren på TV, Leo Ajkic, spør kva som uroar oss, i fem program. Uroa fokuserer på innvandring, datakollaps, einsemd, terror og klimaendringar. Alle generasjonar er meir urolege enn før. Det er skremmande. Ikkje berre uroa er veksande, men også trangen etter kvile. Kvardagen er så stressande. Det er så få kvilestunder. Er ikkje uroa på det ytre plan, så er den på det indre, i tankane og kjenslene. Og denne uroa har lett for å setje seg i kroppen. Me treng difor stille soner som kan gi oss balanse og nye krefter, stille rom som kan gi livet nye perspektiv. Kjøret i arbeidslivet og bruken av sosiale medier er i ferd med å utmatte oss.

Uro og kvile. Viktige ord for å forstå mennesket i vår tid. Yoga og meditasjon, helsekost og treningsstudio, friluftsupplevingar er mottrekk. Bibelen fører Gud inn i kampen mot uroa. I Salme 23 skriv David: **“Herren let meg liggja i grøne enger, han fører meg til vatn der eg finn kvile.”** Eg ser den livserfarne David liggje i blomeenga ein vakker sommardag. Han syg til seg nye krefter. Livet har vore hardt. Her kan han kvile. Eg ser han sitje på ein stein og ser utover eit vatn som glitrar i sola. Han sit ved **“hvilens vann”** (på bokmål). Eit flott uttrykk! Bilete som fortel kva Herren vil gje oss menneske. Herren inviterer oss til kvile. Med heile livet vårt, med alle våre erfaringar, på godt og vondt. Det skjer i stilla, med berre naturen sine lydar.

ANDAKT


ARNE LIE - PENSJONERT PREST

Profeten Jeremias gir oss tankevekkande ord når han skriv: **“Spør etter dei gamle stigane, etter vegen til det gode! Gå på den, så skal de finna kvile for dykkar liv (Jer 6.16).”** Kanskje me må spørje etter vegen til det gode og mindre etter det som løner seg? Langvarig stress øydelegg. Kvile byggjer opp. Kvile skaper gode relasjonar. Stress kan lett gjere oss sjøloppstekne. Kvile kan lett gjere oss opptekne av medmennesket. Jesus samlar både uroa og kvila med dei gode orda frå Matt 11.28: **“Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile.”** Då har kvila fått eit djupare innhald: å kvile hos Gud med liv og framtid, og sjå fram til den evige kvila hos Gud. Det er frelse. Det er håp. Kyrkja er sett til å vere ei stille sone for denne kvila.

Den gong då...

I 2008 hadde Kyrkjebladet ein rikt illustrert reportasje om julefeiring i prestegarden. Jan Olav Skinnemoen og familien var høgst sannsynleg den siste prestefamilien som feira jul der, og han den siste presten som budde i prestegarden. Frå september 2015 vart buplikta på prestegardane oppheva (med enkelte unntak), etter å ha eksistert frå 1687. Jan Olav og familien har dei siste åra hatt bustad i Gol sentrum.

TILBAKEBLIKK: KJELL SLÅTTEN



GOL OG HEMSEDAL

Kyrkjeblad

Nr. 6 Desember 2008 - 59 årgang

Innhold:

Side 2	Ny organist - Min salme
Side 3	Julhilsen fra biskopen
Side 4 - 5 ..	Julefeiring i prestegarden
Side 6.	Kunngjeringar
Side 7	Velkomen til kyrkje
Side 8	Julekrybbe fra Etiopia

Julefeiring i prestegarden



Jan Olav, Hildegunn og Gunvor Skinnemoen. Foto: Kjetil Th. Storebråten



Oppvarming før starten ved fysioterapeut Hauke Sokollek-Lied

Rullatormila

TEKST: MARTHA FRØYLAND BLEIKTVEDT

FOTO: THORUNN HAUGO OG BRITT MARIE HARALDSET HAFSÅS

Fredag 9. august arrangerte Gol Helsetun og Gol kyrkjekontor et helt overkommelig trimløp for eldre, Rullatormila, for første gang. Idéen kommer fra Modum, som har arrangert Rullatormila i over 10 år.

Ved å lage en slik festdag ønsket vi å vise takknemlighet til våre eldre og gjøre stas på dem! Alle på Helsetunet og omsorgsboligene var inviterte. Man kunne delta på løpet både med eller uten rullator og med rullestol.

26 personer registrerte seg og fikk delt ut startnummer. De kunne velge selv hvor mange runder de ønsket å gå rundt i sansehagen. En deltager på 94 år hadde gledet seg og trent til Rullatormila siden den dagen hun fikk invitasjonen.



Oppvarming ved fysioterapeut Hauke Sokollek-Lied



Magne Åboen gikk to runder. En forfjert kake sammen med Jan Olav Skinnemoen.



Bursdagsbarnet Synnøve Haavaldsen (i midten) sammen med Ellen Rundereim og Martha Frøyland Bleikvedt



Eva Tuft Larsen og Asbjørn Modalen som gikk tre runder.

En annen deltager brakk beinet sitt i sommer, men var så glad og fornøyd da hun fikk gått en runde.

Ved målet sto soknepresten, Jan Olav Skinnemoen, og delte ut medaljer. Vi fikk også besøk av ordføreren, Heidi Granli, som skroet av arrangementet. Det var mange høydepunkter den dagen. Et av dem var da 100-åringen Sigrid Brenna sa ja til å gå en runde sammen med soknepresten og ordføreren.

Med et perfekt vær, heiarop, drikke og grillmat, kake og kaffe ble det en virkelig god stemning!

VI VIL GJØRE DETTE IGJEN!



Kari Sørbol får medalje fra presten. Hun brakk foten i sommer, men trente hardt og ble med på Rullatormilla!

Diakon blir vikarprest i Hemsedal

TEKST: RUTH KARI SØRUMSHAGEN

For det første må jeg jo si at jeg grugleder meg til månedene som ligger foran med nye utfordringer. Jeg er ikke prest og har heller aldri jobbet som det. Men jeg er diakon, noe jeg har jobbet som i 21 år nå, først 5 år i Grønland menighet i Oslo og videre i 16 år i Gran på Hadeland som er hjemplassen min.

Etter 16 år som diakon på hjemplassen, tror jeg det kan være sunt å puste i annen luft med noen nye utfordringer i en periode, og når oppdraget som vikarprest i Hemsedal nå er gitt meg og jeg har takket ja, går jeg til oppgaven med ydmykhet, respekt og takk.

Gjennom alle årene som diakon har jeg deltatt ved mange gudstjenester med forskjellige oppgaver, og de siste 15 årene har jeg forrettet begravelser. Ellers har jeg hatt med alle aldersgrupper å gjøre, fra babysang med de minste, en del konfirmantarbeid, diverse samlingspunkt for de midt i livet og mange samlinger og samtaler på sjukehem og i eldrearbeid for øvrig.

Før jeg utdannet meg til diakon, hadde jeg et ett-årsengasjement som lærer for norske barn i Bangladesh. Som førskolelærer, har jeg jobbet mange år i barnehage, men også noen år som barne- og ungdomssekretær i Drammen krets av Den norske Santalmisjon. I den sammenheng, var jeg så heldig å få en del turer og opphold i Hemsedal, med foreningsbesøk, leder-samlinger og leirliv.

Hver sommer hadde vi barneleir på skulen og Kyrkjestugu, og vi hadde også kanoleirer med tenåringer på vatna opp imot Lykkja.

Jeg har vært så heldig å få beholde kontakten med venner i Hemsedal etter disse åra og også hatt noen hytteopphold der. Derfor vet jeg litt om hva jeg går til og gleder meg veldig til å få være «hemsedøl» noen måneder, og også la mannen min Jan få bli litt kjent med denne flotte fjellbygda.



Da sier jeg tusen takk for at jeg får komme til Hemsedal og gå i ferdiglagte gjerninger i Camilla prest sine fotspor, sammen med gode medarbeidere både med og uten lønn fra kyrkja.



Nugatti, sprettert og ein stranda holebuar

41 ungar var både Høgt og Lågt på søndagsskule-leiren

Ingen skal seie at navnet ikkje passar når Hemsedal Sundagsskule inviterer til Høgt og Lågt-leir. Med tilhengarar fulle av kanoar, klatreutstyr, sprettertar og Nugatti var dei klare for å ta imot dei 41 påmeldte ungane på leiren.

Sprell levande

I tråd med Sundagsskulen sitt undervisningsopplegg «Sprell levande» vart fellessamlingane fylte med variert opplegg. Eksempelvis illustrerte ei krukke med godteri kva slags ting ein fylte livet sitt med. Alle ungane skjønte veldig fort at det var lurast å sikre plass til dei beste bitane fyrst. Etter samlingane vart det nye rundar med leik og moro, før aktivitetane kunne ta til: «61 grader Storeskar», kanopadling, stisykling og klatring var noko av det dei kunne velje mellom.

På «61 grader Storeskar» skulle blant anna deltakarane frakte ei geit, ein ulv og eit kálhovud over ei bukt i Storeskarsvatn ved hjelp av ei heimelaga flåte. Om det rauk med ein ulv eller to under forsøket vitast ikkje, men alle deltakarane kom i alle fall (meir eller mindre) tørrskodde over på den andre sida. Klatregruppa fekk prøve seg i det 15 meter høge klatretårnet på KRIK Høyfjellsenter, medan sykkelgruppa fekk testa dei nye sykkelstiane Tottelia Rides. På ei lita øy traff kanogruppa på ein stranda holebuar. Kun ikledd saueskinn sprang ein oppkava villmann rundt på øya og veiva med treklubba si. Det viste seg at ein kom lenger i møte med den ukjente ved å invitere inn og dele av Nugatti-overfloden, enn ved å skeptisk lade spretterten mot den nye. Det kan tyde på at ungane hadde fått med seg litt frå fellessamlinga likevel.



Nyter kveldssola på Storeskar

SPRELL LEVENDE



God stemning i badestampen

Ladestasjon

Slitne ungar med mindre og mindre rekkevidde vart etterkvart ståande i kø ved matbordet. Grønne punkt var fraverande, men brune boksar (red.Nugatti) gjorde omtrent same nytta. Ikkje lenge etter var alle fullada att, klare for meir liv og leven. Dei litt eldre modellane som ikkje var i stand til denne same hurtigladinga, nytta fossilt drivstoff i form av kaffe for å oppnå same effekt. Etter ein lang og innhaldsrik dag gjekk det med leirdeltakarane som det gjer med innbyggjarane i den vesle glømske bygda til Prøysen: Heile gjengen opp i ei kjempediger balje.

På ei seng av popcorn

Tidleg morgonen etter vakna fornøyde ungar på ei seng av popcorn. Det var tydeleg at nokre hadde førebudd seg med nødproviant heimefrå. Denne dagen var det ein natursti som stod på programmet. Kjempesprettert, rebusoppgåver og sporleik var nokre av postane dei skulle gjennom. Då omsider foreldra dukka opp var det på tide med den siste samlinga. Premiar vart delt ut og begeistra born fortalde alt dei hadde opplevd. På bakarste benk sat ein nøgd holebuar og åt Nugatti.



Tiger observert på Hemsedalsfjellet

SpareBank 
HALLINGDAL VALDRES

Du finner oss i hele Hallingdal
Flå - Nesbyen - Gol - Hemsedal - Ål - Geilo

sb1.no • tlf. 915 03 202



Gunbjørg Frøysok med boka der sokneprest Johannes Ødne takkar for innsatsen for menighetsbladet.

Assistent til assistenten

TEKST & FOTO: KJELL SLÅTTEN

Ho har lese Kyrkjebladet i alle dei snart 70 åra det har eksistert. Men ikkje berre det, ho kan også føre opp på CV-en at ho har vore "redaksjonsassistent".

Sjølv er nok ikkje Gunbjørg Frøysok (93) utan vidare samd i det siste. Ho vil hevde at det er ektemannen Odd, som gjekk bort i 1991, som skal ha den "æra". Noko det er vanskeleg å seie imot. Men som assistent til assistenten, er også ho ein del av Kyrkjebladet si 70-årige historie. Det meiner iallfall dagens redaksjon.

Prestens medhjelpar

Etter at sokneprest Johannes Ødne starta opp med Gol og Hemsedal Menighetsblad i 1950, vart det etter kvart stor interesse for bladet også blant utflytte gølingar og hemsedølar. Såpass stor at det førde med seg eit monaleg meirarbeid for presten, som einmannsredaksjon, å sende ut bladet. Han trong hjelp.

Og hjelpa fann han på trygdekontoret på den gamle tingstugu. Der var Odd Frøysok trygdesjef, og han var villig til å gje presten ei hjelpande hand med utsending av bladet.

Lånte skrivemaskin heim

Odd og familien budde berre eit steinkast unna tingstugu, der han hadde arbeidsstaden sin. Så når eit nytt nummer av menighetsbladet var klar for utsending,

lånte trygdesjefen med seg heim skrive-maskinen frå kontoret ein kveld eller to. Så vart det ofte ein liten familiedugnad, der Odd skreiv namn og adresser, og Gunbjørg og tidvis ungane, var med og "pakka".

- Eg meiner å hugse at me la bladet i konvoluttar og sende som brev. Iallfall ei stund. Seinare vart det kanskje etikettar som me klistra på bladet, fortel Gunbjørg.

- Og det kunna øfto vera vanskeleg å finne rettig adresse, veit du, før at det skull' koma fram!

Prestehelsing på øvste hylle

Gunbjørg hugsar ikkje nøyaktig kor lenge dei hjelpte til med menighetsbladet,

men meiner det kan ha vore 14 - 15 år. Frå øvste hylle i bokhylla hentar ho ned ei burgunderraud bok, som er eit minne om innsatsen. Det er det fyrste bindet av innbundne menighetsblad, frå 1950 til 1964. Boka er ei gåve frå sokneprest Ødne. På innsida av permen har presten skrivi: "Kjære Odd Frøysok! Takk for trofast tjeneste med utsending av menighetsbladet gjennom mange år! Vennlig hilsen Johs. Ødne". Boka fekk dei i 1966.

- Han va ein triveleg kar, Ødne! Han va øfto her og drakk kaffi hjå meg, han, smiler Gunbjørg.

bruse
ditt fiberselskap

VI LEVERER **altibox**

Blomsterspira

Vi har stort utvalg av planter og snittblomster og vi utfører alt av binderi til alle anledninger.

Du finner oss under SPAR, Gol
908 870 28 - blomsterspira@gmail.com

f Blomsterspira

Instagram Blomsterspira

Bli med på Sundagstur!

Nokon sundagar i løpet av hausten arrangerer vi tur etter gudstenesta.



Sundagsturane er for både små og store. Turane går til ein plass der ein kan gjere ein aktivitet (f.eks. ski, ake, gå, klatre, bade). Vi går tur, leiker og kosar oss rundt eit bål. Ta med mat/grillmat til bålet, varme klede og utstyr til aktivitetar. Oppmøte utanfor kyrkja etter gudstenesta.

22. september og 17. november 2019

For meir informasjon, kontakt:
Synnøve Vågen Venås - Tlf. 980 43 338

Orgelkonsert

til inntekt for rehabilitering av kyrkjeorgelet i Hemsedal

Hemsedal Kyrkje 9. okt. kl. 19.00
Peter Rødel og lokale musikarar deltek

Gje ei gåve til orgelet

Konto nr.: 2320.17.26824

Vipps: 105608

Spleis: spleis.no/project/75569



Kyrkjegard og lys

Det er ein fin skikk no på hausten og vinteren at det er lys ved graver på kyrkjegardane våre. Særleg fint er det rundt allehelgensdagen og i jula. Det gir ein eigen god følelse både for den som tenner lysa på grava si, og for oss som ser kyrkjegarden når me er der.

Det er eit par ting ein godt kan hugse på når ein lagar til lysa.

Dersom ein bruker tradisjonelle gravlykter med levande lys, så pass på brannfaren. Set lyset trygt så det ikkje veltar. Er det snøfritt, så er dette ekstra viktig. Det har vore periodar der det er så tørt at me ikkje kan tillate levande lys. Kjem det slike periodar igjen, så set me opp oppslag.

Så er kråka og skjæra veldig glad i stearinen i lysa. Dei hakkar hol og forsyner seg. Me ser dagstøtt at dei har prøvd å ta med seg lyktene, så dersom lyset ditt plutselig er borte så har det si forklaring.

Ei ekstra utfordring er at metalltoppane på lyktene lett kan havne på jordene utanfor kyrkjegarden med slik fuglehjelp. Så det er ikkje så dumt å hente med seg lysa og kaste dei etter bruk, sjølv om me på kyrkjegarden plukkar opp det me ser på avvege.

Mange brukar og lys som er batteridrivne. Dette er gode alternativ, og hugs at etter bruk er dette elektrisk avfall som skal kastast i egne kassar.

TEKST: LUDVIG MUNKEJORD

**Hemsedal Kyrkjelege Fellesråd
har ledig fast stilling som:**

**Kantor /organist/
kyrkjemusikar
i 20 % stilling
frå 1. oktober 2019**

Fullstendig utlysing av stillinga finn du på nav.no eller hemsedal.kyrkja.no

Spørsmål om stillinga kan rettast til
Hemsedal kyrkjekontor
tlf. 314 08 845 / 908 21 745

Søknad med CV og attestar
kan sendast til
kjetil@hemsedal.kommune.no eller
Hemsedal kyrkjelege fellesråd,
Hemsedalsvegen 2889, 3560 Hemsedal

Søknadsfrist: 15. September

Martha & Arnstein

I sommar var det staseleg bryllup i Gol kyrkje når diakonen vår, Martha Frøyland, og Arnstein Bleiktvedt gifta seg.

Arnstein er som mange veit prest og arbeider for tida som sokneprest på Flå og prostiprest i nedre Hallingdal.

**Kyrkjebladet gratulerer og
ynsker paret lukke
til vidare!**

Prestesituasjonen vår

Kirken i Hallingdal er i endring, og spesielt Gol og Hemsedal vil merke det i forhold til presteskapet.

Sokneprest på Gol, Jan Olav Skinnemoen, går av med pensjon i oktober og sokneprest i Hemsedal, Camilla Osnes skal ut i svangerskapspermisjon fra samme tid av. Stillingen som sokneprest i Gol sokn er utlyst og tilsetning er planlagt i bispedømmerådsmøtet 10.oktober. I tiden fram til ny sokneprest tiltrer på nyåret vil prostiprest Arne Jensen og vikarprest Terje Eklund dele på de fleste gudstjenestene, gravferdene og andaktene i soknet.

Ruth Kari Sørumshagen vil vikariere for Camilla inntil hun er tilbake i arbeid neste sommer.

Etter flere år med mye vakanse og endringer i presteskapet ser mye ut til å falle på plass denne høsten. Stillingen som sokneprest i Hol, Hovet, Dagali og Skurdalen sokn er også lyst ut, og man håper i likhet med stillingen på Gol at ny sokneprest er på plass etter jul. Fram til stillingen er besatt vil Synne Marie Jenseter være fungerende sokneprest, og samarbeide tett med Helle Maria Wollstad som tiltrådte som sokneprest på Geilo i april. På Ål er Arne Jensen gått tilbake til stillingen som prostiprest etter å ha fungert som prost siden i fjor høst, Vigdis Moen Storhaug er sokneprest og Sveinung Hansen har inntatt prostekontoret.



TEKST: **SVEINUNG HANSEN, PROST**

I den nederste delen av prostiet har Janne Sukka, sokneprest på Nes, fått en ny kollega fra sommeren av. Golingen Arnstein Bleiktvedt er engasjert som sokneprest på Flå og prostiprest fram til nyttår.

Nye Gol Stavkyrkje 25 år!

TEKST: **JAN OLAV SKINNEMOEN**

Søndag 10. juli 1994 var en stor dag, for da ble Gol nye stavkyrkje vigsla av biskop Sigurd Osberg.

Det var sivilingeniør Torbjørn Rustberggard som fikk ideen til å bygge en tro kopi av stavkyrkja som var soknekyrkje i Gol fra begynnelsen av 1200-tallet og fram til den nye kyrkja var vigsla i 1882.


Heldigvis er denne stavkyrkja tatt vare på og står på folkemuseet på Bygdøy i Oslo.

Nå vil vi markere at stavkyrkja på Storøyne er 25 år med ei jubileums-gudstjeneste med folkemusikk-liturgien.

Folkemusikkmesse i stavkyrkja
kl. 11.00. Kyrkjekaffe.

Orientering om stavkyrkja ved
sivilingeniør Torbjørn Rustberggard.

Velkommen til feiring av stavkyrkja!



Kyrkje- valet ^{9. sept} 2019

Di stemme Ditt val
Di stemme tel

Hemsedal:

Foajeen på Hemsedal Kommunehus, inngang frå kultursalen
9. sept. - kl. 09.00 til 20.00

Gol:

Gol samfunnshus, inngang svømmehallen
9. sept. - kl. 09.00- kl. 21.00

Stølsrock 2019
Hemsedalskoret på scenen med
solist Hilde Birgitte Smedsgård Haug

CD-slepp med Hemsedalskoret

TEKST & FOTO: GUNNAR RUDNINGEN

Kjellaug Solbakken har skrive musikk heilt frå ho var ung. Etterkvart begynte ho også å skrive dikt. Og då ho og ektemannen Alf Erik starta Hemsedal Barnegospel, fekk ho lyst til å skrive låtar for ungane i koret. Det vart over 100 songar i løpet av nesten 30 år – farga av sjølv livet. Om tru og tryggleik, livsglede, engasjement og sårbarheit.

Songtekstane er mynta på ungar. Men dei vakre melodiane og poetiske tekstane talar også til oss vaksne.

Hemsedalskoret ynskte derfor å lyfte denne songskatten fram i lyset, og fekk åtte komponistar til å arrangere kvar sin utvalde song til konsertane i Hemsedal Kyrkje, 12. april 2017.

Det vart to fullsette kyrkjer – og flotte liveopptak, som blir presentert på denne CD-en.

Ole Embriksgård som er god venn av familien Solbakken og som var fast lydteknikker for Hemsedal Barnegospel

inviterte for tiande gong til Stølsrock på stølen sin. Det vart ein naturleg plass for Hemsedalskoret å sleppe denne CD-en på Stølsrock. Her song dei «Ein song om Kjærleiken» som Hilde Birgitte Smedsgård Haug song solo på.

Ynskjer ein å kjøpe denne CD-en, kan ein sende e-post til cd.hemsedalskoret@gmail.com. Den er også til sals i butikkar i Hemsedal. I Kjellaugs ånd skal inntektene frå CD-salet gå til Røde Kors sitt arbeid blant flyktningar.



Dirigent Tori Snerte



Ole Embriksgård «Mr. Stølsrock»



Alf Erik og Kjellaug Solbakken

VELKOMMEN TIL OPE HUS

Fyrste tysdag i månaden kl.11.00 på Kyrkjestugu

Velkomen til fellesskap med god bevertning.
Det vart temasamling og «Ord på vegen».

Datoar hausten 2019: 3. sept, 5. nov, 3. des.
I oktober vert det arrangert Eldres dag på bygdeheimen og alle er velkomen hit!

Trusopplæring i Gol og Hemsedal hausten 2019



Kyrkja tilbyr varierte aktivitetar for alle i alderen 0 til 18 år, i regi av trusopplæringa. Vi ynskjer å tilby aktivitetar som er spennande og som kan gi kjennskap til kristen tru og tradisjon, gjennom lek, bibelforteljing, song og musikk, bøn, konkurransar og mykje anna. Dette er ein del av kyrkja si dåpsopplæring, etter at denne vart teken ut av skulen. Vi sender ut invitasjonar til døypte og tilhøyrande (der minst ein av foreldra er medlem i kyrkja), men ynskjer alle velkommen, uavhengig av livssyn. Ta gjerne kontakt dersom du vil at ditt born skal få invitasjonane i posten. Her er ei oversikt over trusopplæringstiltak hausten 2019. Det blir sendt ut nærmare invitasjon, men merk dykk aktivitetane allereie no!

Gol og Herad

Aldersgr.	Tid	Aktivitet
4-åringar	22. september kl 11.00	Gudsteneste i Herad kyrkje med utdeling av 4-årsbok!
	10. sept 17.30-18.30 Gol kyrkje	I forkant av gudstenesten inviterast 4-åringane til to samlingar på ettermiddagstid. Ei i Gol kyrkje og ei i Herad kyrkje.
	18. sept 17.30-18.30 Herad kyrkje	
5-åringar	13. september kl 16.30-19.00	Femåringane er spesielt inviterte til å vere med på Gullrekka på Gol bedehus. Open tacobuffet for heile familien kl 16.30-17.30 (v 60,-/b 40,-) Fellessamling kl 17.30 og inndeling i aldersbestemte grupper 17.45-19.00/19.30.
	22. september kl 11.00	Femåringane deltek på gudsteneste saman med Gullrekka
1.-3. klasse	18. november kl 8.30-16.00	KA-dag – aktivitetsdag i kyrkja og på bedehuset på skulen sin planleggingsdag
5. klasse	23.-24. november	Lys Vaken med overnatting i Gol kyrkje. Avsluttast med gudsteneste med kyrkjekaffi i Gol kyrkje søndag kl 11.00.
8. klasse->	laurdagskveldar kl 19.30-22	Amadeus – ope hus for ungdom frå 8. klasse Ein laurdag i månaden på Gol bedehus. Ein stad å treffast og vere. Spel, lek, konkurranse, mat. Søk oss opp på facebook.
	Laurdag 19. oktober	Helmax helaften – for ungdom frå heile Hallingdal. Gol bedehus kl 19.00-23.00. Taco, underhaldning, konkurranse, song, apell, is, kake, mm.

**LYS
VAKEN**



I tillegg ønskjer vi velkomen til **Babysong** på Frelsesarmeen torsdag føremiddagar, **Familiespeider** og **Legoklubb** på Frelsesarmeen og **Gullrekka** for 0 – 13 år på bedehuset ein fredag i månaden (oppstart 31/8). **Gol maxi-mini**, kor for born 4 – 11 år øver på bedehuset annakvar måndag (oppstart 26/8).

Aldersgr. Tid Aktivitet Hemsedal

4-åringar	8. september kl 11.00	Gudsteneste i Hemsedal kyrkje med utdeling av 4-årsbok!
	29. august kl 17.30-18.30	I forkant av gudstenesten inviterast 4-åringane til ei samling på ettermiddagstid.
3.-6. klasse	12.-13. oktober	Lys&Liv-festival i Hemsedal kyrkje / Kyrkjestugo. Barnefestival med mange ulike aktivitetar. 5. og 6. klasse er velkomne til å overnatte i kyrkja.
8. klasse->	Laurdag 19. oktober	Helmax helaften – for ungdom frå heile Hallingdal. Gol bedehus kl 19.00-23.00. Taco, underhaldning, konkurranse, song, apell, is, kake, mm.

**lys & liv
-FESTIVALEN**

**HELMAX
HELAFTEN**

I tillegg ønskjer vi velkomen til **Babysang** på Kyrkjestugo annakvar onsdag kl 10-12 (sjå eiga annonse), **Sundagsskulen** for alle frå 4 år på Kyrkjestugo, **S-klubben** frå 5 år på Kyrkjestugo annakvar onsdag, **10-13** for 5.-7. klasse på Kyrkjestugo ein fredag i månaden klokka 13.30-15.00, KRIK for 5.-8. klasse i Trøymshallen ca to fredagar i månaden, **Hemsedal Soul Children** for 5.-10. klasse annakvar onsdag på Kyrkjestugo, **KULH** på bedehuset laurdagskveldane frå 8. klasse og **Søndag for alle** tilpassa alle aldrar på Kyrkjestugo fyrste sundagen i månaden (sal av middag kl 16, oppstart kl 17).

Velkommen!

Britt Marie Haraldset Hafsås Kyrkjelydspedagog i Gol og Hemsedal
951 22 136 / britt-marie.haraldset-hafsas@gol.kommune.no

NESTE KYRKJEBLAD

Nr. 5/2019 kjem ut i uke 44
Stoff sender ein til: oaalrust@online.no
innan 10. Oktober

LEGOKLUBB

Frelsesarmeen, Gol

Annakvar tysdag, for barn i skolealder, men vaksne og småsysken er også velkomne. Vi bygger med lego og lagar legofilm, syng og lytter til ei bibelforteljing.

Kontaktperson:

Audun Sporsheim, tlf 908 66 788

FAMILIESPEIDING

Frelsesarmeen, Gol

Ein måndag i månaden, for barn og vaksne saman. Vi startar med pøsegrilling ved bålpanna. Deretter er det speidaraktiviteter, leik og friluftsliv tilpasse barn og vaksne i alle aldrar.

Kontaktperson:

Evy Kristiansen, tlf 413 01 237

KA-dag for 1. 2. og 3. klassingar

Gol kyrkje / Gol bedehus måndag
18. november kl. 08.30-16.00

Påmelding innan 7. nov. til
britt-marie.haraldset-hafsas@
gol.kommune.no / 951 22 136

Åpent hus

formiddagstreff på Gol bedehus
Kl. 11.00-13.30

26. september:

Andakt ved Jan-Fredrik Raastad.
Bildevisning ved Ludvig Munkejord.

31. oktober:

Andakt ved Anne Bjørg Sato.
Fugle- og naturbilder av naturfotograf
Kristin Devor.

28. november:

Andakt ved Arne Lie.
Kirkens Nødhjelps arbeid i Etiopia
ved Line Vettestad.

Hilsen Åpent hus-komite

HELMAX HELÅFTEN

For ungdom frå 8. klasse og oppover
frå heile Hallingdal!

Gol bedehus laurdag 19. oktober
kl. 19.00-23.00.

Mat, underhaldning, musikk, appell, mm.
Inngang 50 kr. Velkomen!

Meir info på facebook Helmax helaften
og kyrkja sine nettsider.

Bli med på S-klubben!

S-klubben er ein kristen barneklubb
for born i alderen 5-12 år. Vi har
samling på Kyrkjestugo annankvar
onsdag, kl 17.30-19.00.

I haust har vi desse samlingane:

25. september:

Samling på KRIK Høyfjellssenter i Lio,
med uteaktiviteter, klatring, leiking og
samling rundt bålet.

16. okt., 30. okt., 13. nov. og 27. nov.:

Vi startar med felles samling på
Kyrkjestugo. Etterpå kan de velje mellom
matlaging og formingsaktiviteter, leiking
og moro i Trøimshallen eller snekring i
sloydsalen på skulen.

Vi avsluttar med kveldsmat for alle.

11. desember:

Juleavslutning, meir
informasjon kjem seinare.

Går du i 5., 6. eller 7. klasse? Då kan du
bli med på S-klubben UTE.

Utegruppa held til i gapahuken, i skogen
på vegen mot Torsetsia. Ta på varme klede
og hovudlykt, og bli med på aktivitetar i
skogen, leiking og bålkos.



Har du
spørsmål,
ta kontakt med
Anne Berit Ulsaker
tlf. 977 63 842

lys & liv -FESTIVALEN

Går du i 3.-6. klasse? Då kan du bli med på historias fyrste
Lys&Liv-festival i Hemsedal! 12.-13. oktober brakar det laus
med festival kún for born! Det berre å melde seg på
og begynne å glede seg!

Årets tema er VATN! Gjennom festivalen skal vi utforska nærmare dette temaet gjennom song,
leik og fellesskap på fellessamlingane på laurdag. Egne grupper som hovudaktivitet.
Velg mellom: dans, friluftsliv, hobby, snekring, musikk, mat, drama, foto/journalistikk og agent.
Overnatting – dei som går i 5./6.-klasse kan overnatte i kyrkja, 3.- og 4.-klasse søv heime.
Sundagen lagar vi festivalgudsteneste i Hemsedal kyrkje, for heile kyrkjelyden, familie og vener!

Festivalen kostar 200,-kr (inkl t.d. mat og t-skjorte frå Fair&Square), men det er
mogleg å søke fritak for betaling.

Påmelding til lysoglivfestivalen@gmail.com / Informasjon ved påmelding: Namn, klasse,
aktivitetsønske (1. og 2. val), tlfnr til føreset, evt allergiar/ting vi bør vite. Påmeldingsfrist 23. sept.



Baby- og småbarnssang

Oppstart torsdag 29. august kl 10.00,
deretter 10 torsdagar.

På Frelsesarmeen i Gymnasvegen 3 på Gol
Sang, dans, leik i tilpassa grupper – for
babyar og litt større småbarn

Felles lunsj - Påmelding til
Marta Maria Espeseth, tlf. 481 19 763

Pris 380 kr for semesteret
(ti samlingar og lunsj)



STØRST AV ALT
BARN OG UNGE I HALLINGDAL PRIØST



Onsdagar på
Kyrkjestugo i
Hemsedal
kl 10-12

For små babyar og litt større småbarn.
Vi syng og dansar, brukar rim og regler.
Gamle og nye barnesangar og sangleikar.
Etterpå et vi lunsj i lag, og det er tid til å leike.

Datoar for hausten 2019:

4/9, 18/9, 9/10, 23/10, 30/10, 13/11, 27/11, 4/12

Britt Marie Haraldset Hafsås, 951 22 136



STØRST AV ALT
BARN OG UNGE I HALLINGDAL PRIØST

Velkommen til SØNDAGSSKOLEN i Hemsedal høsten 2019!

De vanlige samlingene er på
Kyrkjestugo kl. 1000-1100.

Vi har disse samlingene:

Gudstjeneste i Kyrkja kl. 1100.
4-årsbok. 8. sept, 15.sept. og 29.sept.

Gudstjeneste i Kyrkja kl. 1100.
Barne-festival. 13. okt, 20.okt, 10.
nov og 24. nov

Advent-avslutning 15. des

Temasøndagsskolen blir på de samme
dagene. Program kommer senere.

Vi gleder oss til å se deg!

Hilsen

Sebjørg - Marry - Marte - Oddbjørn
Gunnar - Stian og Synnøve

KUNNGJERINGAR

DØYPTE

Hemsedal kyrkje:

23.06.19 Larissa Dawloy

Herad kyrkje

19.06.19 Sondre Johansen

04.08.19 Johannes Morken

25.08.19 Sigrid Brekko

25.08.19 Maurits Johan Stubbsve

Gol kyrkje

02.06.19 Anna Jegleim Strandbråten

30.06.19 Milas Svendsen

Møt oss i Kyrkja på Fårefestivalen!

Vi i Kyrkja i Gol og Hemsedal med stand på Fårefestivalen 21. september

Velkommen innom! Prøv deg på gjettekonk. eller berre slå av ein prat!

Bibellesegruppe Gol bedehus kl.19.00 - 20.00

Følgende mandager: 30.sept., 14. okt.,
28. okt., 11. nov. og 25. nov.

*Hilsen Bjørg Bjørgo Lie og
Martha Frøyland Bleiktvedt*

GULLREKKA

Fredag 30. august startar Gullrekka opp att! Barn i alle aldre, med og uten foreldre, er velkommen til spennende aktiviteter på Gol bedehus:

Kl.16.30: Taco (60/40 kr)
Kl.17.30: Felles samling
Kl.17.45-19.30: Aktiviteter for 0-4år med vaksen, 4-9år og 10-13år

30. aug
13. sept.
22. sept*
18. okt
22. nov
13. des

Småbarnssang for barn under 4år ifølge med vaksen. (17:45-18:30)

***Sundag 22. septemter**
deltek vi på gudsteneste i Herad kyrkje
Acta – Normisjonen,
Søndagsskolen, Sprell Levende og
Den Norske Kyrkje – Gol og Herad

VIGDE

Oset kyrkje:

01.06.19 Mari Gaupås Blindheim og
Aleksander Brun

Gol kyrkje:

08.06.19 Nicoleta Rosu og
Martin Brekko

06.07.19 Martha Tomoe Frøyland og
Arnstein Bleiktvedt

13.07.19 Hildegunn Skinnemoen og
Marius Bredsand

03.08.19 Tone Eikrehagen og
Tor Inge Ekrene

Gol stavkyrkjetomt:

17.08.19 Tine Løbben og
Tarjei Brørs

Skarsnuten hotell

01.06.19 Sofie Lindemark og
Kristoffer Løken

15.06.19 Marthe Marlene Borge og
Daniel Dehli Andersen

Hemsedal Kyrkje

08.06.19 Hanne Gjerpe Asp og
Kristian Garnes Lunde

15.06.19 Karina Hope og
Gjert Magne Kahrs Knutsen

22.06.19 Belinda Karlsen og
Sebastian Franke

22.06.19 Mariann Børsum Haugen og
Roy Daniel H. Rosenlund

29.06.19 Heidi Landrø og
Gunnar Høivik

06.07.19 Amanda Follestad Eriksen og
Henrik Øby Johansen

03.08.19 Christina Nesheim og
Frode Dokk

03.08.19 Maria Tandberg Nygård og
Niklas Skyberg

10.08.19 Katharina Brüning og
Arne Marius Gulseth

Harahorn kapell

29.06.19 Benedicte Helverschou og
Stein Erik Treverket

27.07.19 Marit Wangensten og
Frank Wøijen Moe

10.08.19 Marianne Magelssen og
Gerhard Ludvigsen

24.08.19 Line Østvold og
Niclas Kristiansen

Stavkyrkjetomta i Hemsedal

13.07.19 Susanne Tro Haugsjø og
Gunnar Nergård

DØDE

Hemsedal gravplass:

15.06.19 Ingrid Ulsaker f.1922

17.08.19 Arnhild Kirkebøen f. 1925

Gol:

31.05.19 Gudrun Halden f.1929

02.06.19 Harald Moen f.1932

13.07.19 Kari Helen Jegleim f.1976

20.07.19 Arnar Berget f.1935

09.08.19 Kjell Rotneim f.1937

17.08.19 Gerd S. Slettemoen f. 1933

23.08.19 Agnes "Vesla" Golberg f.1931

GOL BEGRAVELSESBYRÅ AS

Bente Andreassen - Vakt tlf. 480 234 77
www.golbb.no

HEMSEDAL GRAVFERDSBYRÅ

Olav Støyten og Hans Vidar Sørensen
Tlf: 97 41 41 00

JØLSTAD HALLINGDAL GRAVFERDSBYRÅ AS

Steinar Aa - Vakt tlf: 32 08 23 00
www.hallingdalgravferd.no

Amadeus

Ope hus for ungdom frå
8.kl og oppover.

Gol Bedehus ein laurdag i månaden
kl 19.30 – 22.00:

Oppstart 31. august

Følg med i facebookgruppa
«Amadeus – ope hus for ungdom»
for informasjon

Formiddagsstund for personer med demens på Gol bedehus

Diakoniutvalget inviterer til ei
samlingsstund tysdag 1.oktober kl.11.

Programmet er enkelt:

Me syng norske salmar og sangar,
bibelord, Fadervår, matpause, brettspel,
bordtennis og biljard (for dei som vil)

**Ta kontakt med diakon Martha F.
Bleiktvedt, tlf.476 27 663 eller
martha.froyland@gol.kommune.no**

VELKOMEN TIL KYRKJE!

1. september – 15. søndag i treeiningstida

GOL KYRKJE KL 11.00

Gudsteneste. Nattverd. Osnes.

Takkoffer: Maritastiftelsen

HEMSEDAL KYRKJESTOGU KL.16.00
«Søndag for alle».

8. september – 13. søndag i treeiningstida

HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00

Gudsteneste for store og små.

4-årsbok. Osnes. Hafsås

Takkoffer: Sundagsskolen i Hemsedal.

GOL STAVKYRKJE KL 11.00

Folkemusikkmesse. Nattverd.

Skinneemoen med fleire. Kyrkjekaffe.

Takkoffer: Arbeidet i stavkyrkja.

15. september – 14. søndag i treeiningstida, Vingårdssøndag

GOL KYRKJE KL.11.00.

Gudsteneste. Skinneemoen.

Takkoffer: Konfirmantarbeid

22. september – 15. søndag i treeiningstida

HERAD KYRKJE KL.11.00

Gudsteneste for store og små.

4-årsbok. Skinneemoen. Hafsås.

Takkoffer: Kyrkjelyden

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00

Gudsteneste. Nattverd. Osnes.

Sundagstur etter gudsteneste.

Takkoffer: Barne- og ungdomsarbeid i

Hemsedal Normisjonen

29. september – 16. søndag i treeiningstida

GOL KYRKJE KL. 11.00.

Avslutningsgudsteneste for

Skinneemoen. Nattverd.

Skinneemoen. Osnes. Hansen.

Kyrkjekaffi på Gol bedehuset.

Takkoffer: Kyrkjelyden

6 oktober – 17. søndag i treeiningstida

HERAD KYRKJE KL.11.00

Takkoffer: Kyrkjebladet

KYRKJESTOGU KL.16.00/17.00

Søndag for alle

13. oktober – 18. søndag i treeiningstida

GOL KYRKJE KL.19.00

Gudsteneste med presentasjon av

konfirmantane. Sørumsøyen.

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00

Gudsteneste for store og små.

Nattverd.

Lys&Liv-festival deltakere bidrar.

Sørumsøyen. Hafsås.

Takkoffer: Misjonsprosjektet i Nepal

20. oktober – 19. søndag i treeiningstida

HERAD KYRKJE KL.19.00

Gudsteneste med presentasjon av

konfirmantane.

Takkoffer: TV-aksjonen

27. oktober – Bots og bededag

GOL KYRKJE KL.11.00

HEMSEDAL KYRKJE KL.19.00

Gudsteneste med presentasjon av konfirmantane.

Takkoffer: TV aksjonen 2019

3. november – Allehelgensdag

Vi minnest dei som har gått bort siste året.

HERAD KYRKJE KL.11.00

Nattverd.

Takkoffer: Diakoniarbeidet.

Kyrkjekaffe v/diakoniutvalet

GOL KYRKJE KL.18.00

Nattverd.

Takkoffer: Diakoniarbeidet.

Kyrkjekaffe v/diakoniutvalet

HEMSEDAL KYRKJE KL.18.00

Nattverd.

KYRKJA I HEMSEDAL HAR STAND PÅ ÅRETS HAUSTMARKED 7. SEPT.



Velkomen ein tur innom oss for ein gratis kopp kaffi/te, vaflar eller for å slå av en prat med oss!

Ynskjer du å vite meir om kyrkjevallet 9. sept. eller info om det som skjer i kyrkja prater vi gjerne med deg.



MOTELL - KAFETERIA - 3550 GOL

Med den gode stemningen!

v:pps

Kyrkje
bladet



552440

Vipps nummer

Gol
Kyrkje



517300

Vipps nummer

Herad
Kyrkje



517065

Vipps nummer

Hemsedal
Kyrkje



105608

Vipps nummer

Lykkja
Kapell



542742

Vipps nummer

Torsdagstreff

flerkulturelt treff for kvinner og barn på Helselagsstugu

Følgende dager kl.18.00 - 20.00
19. sept., 17. okt., 21. nov., 19. des.

Gol Helselag, Røde Kors og kyrkja i Gol





JUBILANT: Sigrid Brenna har levd i 100 år.
På bordet framfor henne ligg helsinga frå kongen.

TEKST & FOTO: KJELL SLÅTTEN

Alder berre eit tal

I mi tid i Hallingdølen hadde eg ein gong gjort avtale om intervju med ein 100-åring. Då eg svinga inn på tunet, stod han ute med øyreklokker og motorsag og kappa ved! Sigrid Brenna brukar ikkje motorsag. Men ho høyrer definitivt til i den same klassen av uforskamma spreke hundreåringar!

Eg ringjer på døra og er førebudd på å vente ei stund før ho opnar. Ho må vel finne fram rullator, krykkjer eller i beste fall stav. Men nei, døra går opp nesten med det same, og ei blid dame helsar i dørøpninga. Utan rullator og stav.

- Eg er heldig som får vere så frisk, smiler ho. Visste ein ikkje betre, kunne ein ta henne for å vere 20 år yngre. Minst.

Heilt i hundre

Når ein pratar med eldre folk, hevar ein gjerne ubevisst stemma for å bli høyrd. Slik også no. Men eg skjønar raskt at eg har bomma, og at volumet må ned om eg ikkje vil bli oppfatta som ein gaulefant. Og neimen er eg sikker på om det er ho som må spørje oftast opp att under samtalen vår!

100-årsdagen vart sjølvsaugt feira til fjells, på Kamben høvfjellshotell, med familie, vener og kjende. I alt 100 gjester, eller vel så det. Hundre for hundre!

Av alle helsingane er det éi ho set ekstra pris på – frå kong Harald V. Den skal rammast inn og hengjast på vegg.

- Det æ no ikkje so mykje han skriv, men...

- Me ha ein kjekk kongji, ingen kunne klaga på han, slår ho ettertrykkeleg fast.

Gode genar (og fjelluft?)

På spørsmål om kva ho har gjort for å nå så høg alder, er svaret kontant:

- Ingenting! Eg har sliti og arbeidd. Nei, eg har nok vore heldig, meiner ho.

Noko ligg opplagt i genane, ho er av sterk slekt. Eldstesystera døydde i fjor, 102 år gammal. Av ein syskenflokk på sju, er det no fire som lever. Brørne Torleif og Nils er begge godt over 90.

Frisk fjelluft har neppe heller vore av det vonde. Sigrid er oppvaksen i Tubbehaugen på Golsfjellet, rundt 800 meter over

havet. Og ho kom til verda i ei stølsbu på Hallinghovda, som ligg endå nokre meter nærare himmelen.

- Der begjynnte e å mjølke gjeita då e va fem år, smiler ho.

"Fjellets dotter"

Ho vart fødd i fjellet og har heile livet hatt fjellet i blodet. Det er der ho har trivest best. Ved sida av gards- og stølsdrift, dreiv ho og mannen, med tidvis hjelp av ein ungflokk på seks, i 50 år også sesongkafé på Hallinghovda.

Det meste av skulegangen hennar gjekk også føre seg til fjells, i ei stølsbu på Møen. Der vart det halde skule for "åsungane" 14 dagar om hausten, 14 dagar før påske og 14 dagar om våren.

- Men me komo uss no fram, me mæ, ler ho.

I ungdomen prøvde ho seg, som så mange andre, som tenestejente i Oslo. Men det vart med eit halvt år, ho lengta attende til bygd og fjell.

- Byen va'kje noko før me, slår ho fast.

Bok føre TV

For elleve år sidan flytte ho og ektemannen frå garden i Åsgardane til bufellesskapen i Rundingen, like ved Gol helsetun. Nils fekk dessverre berre eitt år der, før han gjekk bort.

Dette endra sjølvsaugt livet for Sigrid, men ho finn seg stadig godt til rette i Rundingen. Ho likar å ha folk rundt seg, og er frisk både fysisk og psykisk. Ho følgjer godt med, men har ikkje den store begeistringa for TV-en. Den blir nesten ikkje brukt.

- Det er så mykje elendigheit å sjå. Eg finn meg heller ei god bok, eg. Og så avisun då, dei må eg ha!

Elles er ho og naboane mykje saman på fellesstugu i andre etasje.

- Der er det så kjekt å site og prate, seier den vitale hundreåringen.